**Representantskapssak 03/16**

**Representantskapet 25.05.2016:**

## Sak 1/16 - Årsmelding for Fron kulturskole 2015

Trykte vedlegg:

1. Årsmelding for Nord-Fron kommune, virksomhetsområde Kultur, avsnitt Fron kulturskole.
2. Redaksjonell artikkel i Nord-Fron kommune sin årsrapport for 2015.

**Bakgrunn for saka:**
Fron kulturskole er eit interkommunalt selskap som kommunane Nord-Fron og Sør-Fron står bak. Selskapet vart starta 01.08.05. Nord-Fron er vertskommune og administrasjonssjefen er administrativ leiar for kulturskolen. Kulturskolen er fullt ut underlagt vertskommunen og dei reglane som gjeld i denne. Vertskommunen har arbeidsgjevaransvar for dei tilsette. Eigarkommunane er ansvarlege for økonomisk tilskot til kulturskolen. Fordelinga blir gjort etter folketal. Representantskapet skal etter vedtektene gjere vedtak om årsmelding.

Fagleg Forum for Fron Kulturskole er orientert om årsmeldinga for 2015 i møte 09.05.2016.

**Rådmannsleiinga si vurdering:**
Fron kulturskole si årsmelding er integrert i Nord-Fron kommune si årsmelding. Kommunestyret i Nord-Fron vedtok årsmeldinga for Nord-Fron kommune i møte 26.04.2016 sak 035/16.

Administrasjonssjefen legg saka fram for representantskapet for Fron kulturskole med slik

**INNSTILLING:**
Representantskapet for Fron kulturskole viser til at årsmelding for Fron kulturskole 2015 er vedteke/teke til orientering av kommunestyret i Nord-Fron kommune i møte 26.04.2016.
Representantskapet har ikkje vidare merknader til årsmelding for Fron kulturskole for 2015.

Vinstra,

Arne Sandbu
administrasjonssjef

**Fron kulturskole – årsmelding 2015**

| | **2013** | **2014** | **2015** |
|---|---|---|---|
| Elevtal (i båe kommunar) | 184 | 187 | 186 |
| Venteliste | 21 | 16 | 21 |

Skolen er interkommunal og dekker kommunane Nord-Fron (vertskommune) og Sør-Fron.
Fron kulturskole har 5,21 årsverk som er fordelt på 11 tilsette i tillegg til 2 lærarar som blir ”kjøpt” frå Vinstra vidaregåande skule og Ringebu kommune. FK har tilbod innan musikk, dans, drama og visuell kunst. Undervisninga er organisert i grupper og individuelle timar. Kulturskolen sel tenester til frivillige lag og organisasjonar, samt skular. I 2015 har dette vore dirigent- og instruktørtenester til korps og instrumental-lærar til Vinstra vgs. Fron kulturskole har undervisningslokalar på Folkets hus (Vinstra).

I 2015 markerte Fron kulturskole sitt 10-års jubileum med ei storslått eigenprodusert forestilling; «Alvelandet». Elevar og lærarar i alle disiplinar jobba gjennom året med å utvikle og øve inn forestillinga, som vart framført for to fulle hus i Sør-Fron kulturhus.
I tillegg har kulturskolen gjennomført 12 større og mindre eigne elevforestillingar/produksjonar, samt 27 andre underhaldningsoppdrag i 2015.

Norsk kulturskoleråd starta våren 2013 opp eit 3-årig utviklingsprosjekt «De Unges Arena» i fire fylker. Formålet var å utvikle kulturskolen til ein betre arena for ungdom i alderen 13-18 år. For å delta måtte kulturskolen ha ein ekstern samarbeidspart, og Vinstra ungdomsskole ønskte å gå inn i prosjektet. FK og VUS har hatt lærarar på 2 samlingar i 2015, og prosjektet vart avslutta i haust. Prosjektet førte mellom anna til auka fokus på kulturfag for ungdom, og betre rammevilkår for valfaget «sal & scene» på ungdomsskulen.

















# Fron kulturskole 10 år

Barn og unge frå Sør- og Nord-Fron har hatt felles kulturskole sidan 2005. 10-års jubileet i 2015 vart markert med framsyninga «Alvelandet».

Teater, musikk, dans og kunst vart fletta saman på scena i kulturskolen sitt eigenproduserte stykke «Alvelandet». Elevar og lærarar jobba saman eit heilt år for å lage, og å øve inn stykket - dei yngste, ungdommane, ballettdansarane, rockerane, kunstmålarane, folkemusikarane, skodespelarane og dei klassiske instrumentalistane. Møta mellom desse som menneske, og på tvers av ulike fag og kulturuttrykk, er uvurderlege. Kunsten former identitet og aukar forståinga for andre sine uttrykk.

Inn puttar ein hardt arbeid og mykje øving over tid – og ut kjem sceniske augneblink og mestring i fellesskap. Å skape noko saman er ikkje alltid den enklaste og mest effektive metoden, men når ein så lykkast er gleda og opplevinga desto større.

**FRON KULTURSKOLE**

190 elevar
Tolv lærarar
Musikk
Dans
Teater
Visuell kunst

Fron kulturskole sikrar eit mangfald av kunst- og kulturfag og har som oppgåve å utvikle kunstfagleg kompetanse og uttrykksevne så vel som kreativitet, kritisk sans, kulturell og sosial kompetanse. I eige lokale på Folkets hus (Vinstra), gir kulturskolen undervisning i teater, klassisk ballett/scenisk dans, visuell kunst, kor, piano, fiolin, cello, gitar, trommer, bass, band, fløyte, trompet, trombone og song.

Nokre tilbod er fast organisert i grupper, andre er individuelle.

**Representantskapet 25.05.2016:**

**Representantskapssak 04/16**

## Sak 2/16 - Rekneskap for Fron kulturskole 2015.

1. Rekneskap for Fron kulturskole for 2015.
2. Revisjonsberetning for 2015

**Bakgrunn for saka**:
Fron kulturskole er eit interkommunalt selskap som kommunane Nord-Fron og Sør-Fron står bak. Selskapet vart starta 01.08.2005. Nord-Fron er vertskommune og administrasjonssjefen er administrativ leiar for kulturskolen. Kulturskolen er fullt ut underlagt vertskommunen og dei reglane som gjeld i denne. Vertskommunen har arbeidsgjevaransvar for dei tilsette. Eigarkommunane er ansvarlege for økonomisk tilskot til kulturskolen. Fordelinga blir gjort etter folketal. Representantskapet skal etter vedtektene gjere vedtak om rekneskap.

**Kommentar til rekneskapen for 2015:**
I budsjettet for 2015 var det frå Sør-Fron kommune avsett kr 1 097 000 til kulturskolen. Rekneskapen for heile 2015 viser eit forbruk for Sør-Fron kommune på kr 1 111 711. Dette gir eit meirforbruk på kr 14 712. Dette beløpet er fakturert Sør-Fron kommune.

I budsjettet for 2015 var det frå Nord-Fron kommune avsett kr 2 005 000 til kulturskolen. Rekneskapen for heile 2015 viser eit forbruk for Nord-Fron kommune på kr 1 996 500. Dette gir eit mindreforbruk på kr 8 500.

Fagleg Forum for Fron Kulturskole er orientert om rekneskapen for 2015 i møte 09.05.16.

**Rådmannsleiinga si vurdering:**
Fron kulturskole sin rekneskap er fullt integrert i Nord-Fron kommune sin rekneskap. Nord-Fron kommune sin rekneskap vart godkjent av kommunestyret i Nord-Fron i møte 26.04.2016, sak 036/16.

Administrasjonssjefen legg saka fram for representantskapet for Fron kulturskole med slik

**INNSTILLING:**
1. Representantskapet for Fron kulturskole viser til at rekneskapen for Fron kulturskole 2015 er godkjent av kommunestyret i Nord-Fron kommune i møte 26.04.2016.
2. Rekneskapen hadde slik fordeling av kostnadane:
    a. Nord-Fron kommune kr 1 996 500. Dette er eit mindreforbruk på kr 8 500.
    b. Sør-Fron kommune kr 1 111 711. Dette er eit meirforbruk på kr 14 712. Beløpet er fakturert Sør-Fron kommune i 2016.

Vinstra,

Arne Sandbu
administrasjonssjef

**Rekneskap for Fron kulturskole 2015 (vedlegg 1)**

| | | Rekneskap 2015 | Budsjett 2015 | Rekneskap 2014 |
|---|---|---|---|---|
| 1010 | FAST LØNN | 2 163 976,99 | 2 254 000 | 2 008 658,50 |
| 1015 | AVTALEFESTA TILLEGG | 17 714,46 | 39 000 | 13 768,90 |
| 1021 | SJUKEVIKAR | 16 395,46 | 5 000 | 8 041,97 |
| 1022 | FØDSELSVIKAR | 0,00 | 0 | 42 198,36 |
| 1025 | AVTALEFESTA TILLEGG VIKARER | 2 506,84 | 5 000 | 399,28 |
| 1030 | ENGASJEMENT | 77 222,28 | 79 000 | 133 506,72 |
| 1031 | EKSTRAHJELP | 12 493,54 | 9 000 | 7 930,46 |
| 1040 | OVERTID | 2 710,51 | 1 000 | 5 668,20 |
| 1052 | HONORAR | 1 500,00 | 0 | 2 500 |
| 1090 | PENSJON | 331 853,46 | 450 000 | 440 427,84 |
| 1091 | PENSJON LÆRARAR (STP) | 21 601,57 | 0 | 11 889 |
| 1099 | ARBEIDSGIVARAVGIFT | 282 055,53 | 314 000 | 278 514,73 |
| 1100 | KONTORMATERIELL | 0,00 | 8 000 | 0 |
| 1101 | ABONNEMENT OG FAGLITTERATUR | 2 123,80 | 5 000 | 1 623,00 |
| 1105 | UNDERVISNINGSMATERIELL | 23 366,56 | 17 000 | 13 996,19 |
| 1115 | MAT/SERVERING | 5 887,01 | 5 000 | 8 099,27 |
| 1123 | ANDRE VARER OG TENESTER | 15 483,53 | 13 000 | 13 999,09 |
| 1126 | UTGIFTSDEKNING | 60 813,86 | 2 000 | 918,38 |
| 1128 | VELFERDSTILTAK | 10 295,60 | 3 000 | 0 |
| 1131 | TELEFON/FAX | 7 583,93 | 18 000 | 19 836,66 |
| 1133 | INTERNETT | 0,00 | 3 000 | 2 670,40 |
| 1139 | FORDELTE PORTOUTGIFTER | 3 178,00 | 3 000 | 3 583,00 |
| 1140 | ANNONSER | 3 500,00 | 9 000 | 2 400,00 |
| 1150 | KURSUTGIFTER | 23 564,82 | 25 000 | 28 947,58 |
| 1160 | SKYSS- OG KOSTGODTGJ. (OPPG.PL.) | 20 104,90 | 43 000 | 23 994,15 |
| 1173 | SKYSSUTGIFTER BRUKARAR (IKKJE OPPG.PL) | 0,00 | 0 | 1 192,59 |
| 1185 | PERSONFORSIKRINGAR (IKKJE TREKKPL.) | 17 908,00 | 23 000 | 15 951,22 |
| 1190 | HUSLEIGE EKSTERNT | 0,00 | 0 | 5 320,00 |
| 1191 | HUSLEIGE INTERNT | 393 700,00 | 390 000 | 318 227,20 |
| 1196 | IKT-LISENSAR | 88,00 | 0 | 12 144,80 |
| 1197 | DIVERSE AVGIFTER/GEBYR/KONTINGENTAR | 32 187,40 | 10 000 | 22 792,80 |
| 1198 | KOPIERINGSAVTALE/-SERVICE | 3 331,09 | 18 000 | 15 120,81 |
| 1200 | INVENTAR OG UTSTYR | 21 786,88 | 20 000 | 27 610,18 |
| 1201 | IKT-UTSTYR | 6 704,80 | 10 000 | 2 772,40 |
| 1208 | UTSTYR TIL UNDERVISNING | 16 460,40 | 10 000 | 35 819,15 |
| 1221 | LEIGE AV KOPIMASKINER | 5 772,80 | 0 | 4 676,00 |
| 1234 | VEDLIKEHALD UTSTYR | 1 400,00 | 5 000 | 5 432,00 |
| 1241 | DRIFTSAVTALAR/SERVICEAVTALAR | 133 870,40 | 33 000 | 20 000,00 |
| 1290 | INTERNKJØP | 75 000,00 | 75 000 | 74 000 |
| 1330 | BETALING TIL FYLKET | 62 619,00 | 0 | 64 930,00 |
| 1350 | BETALING TIL ANDRE KOMMUNAR | 184 933,00 | 12000 | 173 923,00 |
| 1370 | BETALING TIL PRIVATE | 51 231,40 | 51 000 | 25 750,00 |
| 1429 | MERVERDIAVGIFT (MVA-KOMP) | 30 677,04 | 24 000 | 40 402,09 |
| **Sum utgifter** | | **4 143 602,86** | **3 991 000** | **3 939 636,00** |
| 1600 | Eigenbetaling | -474 410,00 | -503 000 | -474 545,00 |
| 1620 | Avgiftsfritt sal | -283 602,00 | -265 000 | -251 250,00 |
| 1629 | Billettinntekter | -30 692,00 | 0 | 0,00 |
| 1710 | Refusjon sjukeløn | -1 648,00 | 0 | -14 656,00 |
| 1711 | Refusjon fødselspenger | 0,00 | 0 | -32 292,00 |
| 1729 | Komp.Mva | -30 677,04 | -24 000 | -40 402,09 |
| 1730 | Refusjon frå fylkeskommunen | -214 363,00 | -97 000 | -171 538,00 |
| **1750** | **Refusjon frå Sør-Fron kommune** | **-1 111 711,00** | **-1 097 000** | **-1 051 749** |
| **1750** | **Refusjon frå Nord-Fron kommune** | **-1 996 499,82** | **-2 005 000** | **-1 902 604** |
| **Sum inntekter** | | **-4 143 602,86** | **-3 991 000** | **-3 939 036,00** |
| **Sum netto driftutgifter** | | **0,00** | **0** | **0** |

# Innlandet Revisjon IKS

Til kommunestyret i Nord-Fron kommune

Kopi:
Kontrollutvalget
Formannskapet
Administrasjonssjefen
Kommunalsjef Tom Nøvik
Avd. leder pers./øk. Torild S. Weikle

## REVISORS BERETNING

### Uttalelse om årsregnskapet

Vi har revidert årsregnskapet for Nord-Fron kommune som viser kr 357.173.440,- til fordeling drift og et regnskapsmessig mindreforbruk på kr 8.903.705,-. Årsregnskapet består av balanse per 31. desember 2015, driftsregnskap, investeringsregnskap og økonomiske oversikter for regnskapsåret avsluttet per denne datoen, og en beskrivelse av vesentlige anvendte regnskapsprinsipper og andre noteopplysninger.

*Administrasjonssjefens ansvar for årsregnskapet*

Administrasjonssjefen er ansvarlig for å utarbeide årsregnskapet og for at det gir en dekkende fremstilling i samsvar med lov, forskrift og god kommunal regnskapsskikk i Norge, og for slik intern kontroll som administrasjonssjefen finner nødvendig for å muliggjøre utarbeidelsen av et årsregnskap som ikke inneholder vesentlig feilinformasjon, verken som følge av misligheter eller feil.

*Revisors oppgaver og plikter*

Vår oppgave er å gi uttrykk for en mening om dette årsregnskapet på bakgrunn av vår revisjon. Vi har gjennomført revisjonen i samsvar med lov, forskrift og god kommunal revisjonsskikk i Norge, herunder International Standards on Auditing. Revisjonsstandardene krever at vi etterlever etiske krav og planlegger og gjennomfører revisjonen for å oppnå betryggende sikkerhet for at årsregnskapet ikke inneholder vesentlig feilinformasjon.

En revisjon innebærer utførelse av handlinger for å innhente revisjonsbevis for beløpene og opplysningene i årsregnskapet. De valgte handlingene avhenger av revisors skjønn, herunder vurderingen av risikoene for at årsregnskapet inneholder vesentlig feilinformasjon, enten det skyldes misligheter eller feil. Ved en slik risikovurdering tar revisor hensyn til den interne kontrollen som er relevant for kommunens utarbeidelse av et årsregnskap som gir en dekkende fremstilling. Formålet er å utforme revisjonshandlinger som er hensiktsmessige etter omstendighetene, men ikke for å gi uttrykk for en mening om effektiviteten av kommunens interne kontroll. En revisjon omfatter også en vurdering av om de anvendte regnskapsprinsippene er hensiktsmessige og om regnskapsestimatene utarbeidet av ledelsen er rimelige, samt en vurdering av den samlede presentasjonen av årsregnskapet.

Etter vår oppfatning er innhentet revisjonsbevis tilstrekkelig og hensiktsmessig som grunnlag for vår konklusjon.

*Konklusjon*

Etter vår mening er årsregnskapet avgitt i samsvar med lov og forskrifter og gir i det alt vesentlige en dekkende fremstilling av den finansielle stillingen til Nord-Fron kommune per 31. desember 2015, og av resultatet for regnskapsåret som ble avsluttet per denne datoen i samsvar med lov, forskrift og god kommunal regnskapsskikk i Norge.

**Uttalelser om øvrige forhold**

*Konklusjon om budsjett*

Basert på vår revisjon av årsregnskapet som beskrevet ovenfor, mener vi at de disposisjoner som ligger til grunn for regnskapet i det alt vesentlige er i samsvar med budsjettvedtak, og at budsjettbeløpene i årsregnskapet stemmer med regulert budsjett.

*Konklusjon om årsberetningen*

Basert på vår revisjon av årsregnskapet som beskrevet ovenfor, mener vi at opplysningene i årsberetningen om årsregnskapet er konsistente med årsregnskapet og er i samsvar med lov og forskrifter.

*Konklusjon om registrering og dokumentasjon*

Basert på vår revisjon av årsregnskapet som beskrevet ovenfor, og kontrollhandlinger vi har funnet nødvendig i henhold til internasjonal standard for attestasjonsoppdrag (ISAE) 3000 «Attestasjonsoppdrag som ikke er revisjon eller forenklet revisorkontroll av historisk finansiell informasjon», mener vi at ledelsen har oppfylt sin plikt til å sørge for ordentlig og oversiktlig registrering og dokumentasjon av kommunens regnskapsopplysninger i samsvar med lov og god bokføringsskikk i Norge.

Lillehammer, 08.04.16

Heidi Floor Julusmoen

Oppdragsansvarlig revisor